



Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 217/4 - Romarheim - etablering av veg - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 15.04.20. Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av veg i område avsett til LNF-føremål. Vegen er om lag 80 meter lang. Tiltaket er knytt til planlagt riving av eksisterande våninghus, løe og uthus på eigedomen, og oppføring av ny bustad, dette området har føremål bustad i kommuneplanen.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen har i utgangspunktet ingen vesentlege merknader til bygging av ny tilkomstveg. Vi vil likevel peike på at det er uheldig å gje dispensasjon før det er dokumentert at skredfaren er innafor aksepterte rammer. Vi viser til plan og bygningslova § 19-2 tredje led der det mellom anna står at ein skal leggje særleg vekt på mellom anna sikkerheit når ein dispenserar frå lova og forskrifter. Vi rår til at skredfaren vert avklart før det eventuelt vert gjeve dispensasjon.

Fylkesmannen ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent